

# NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

---

REFERAT FRÅ MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 18. AUGUST 2010

Til stades: Grete Riise, Unn Røyneland, Åse Wetaas, Karin Magnetun, Svend Arne Vee, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel, Marit Hovdenak og Aud Søyland

## 1 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT OG SAKLISTE

---

Innkallinga og saklista vart godkjende.

Referatet vart godkjent via e-post tidlegare. Denne presiseringa vart gjort av sekretæren i møtet: *sommar/sumar* var fyrst behandla under vokalveksling, deretter under enkel og dobbel m. Det er det siste vedtaket som gjeld: *sommar* og *sumar* skal vera valfrie former.

## 2 MELDINGAR

---

### **Møte med personar og institusjonar:**

Grete og Aud held fram med besøksrunden sin, og var tysdag 17.8. på møte med Utdanningsforbundet og Erik Bolstad, [www.yr.no](http://www.yr.no). Torsdag 19.8. skal dei møta Bibelselskapet og Jan Terje Faarlund, som var nestleiar i den førre rettskrivingsnemnda.

### **Innsamling av tekst:**

Synnøve Myking er ferdig med å gjera tekstar frå åtte kommunar og fire fylkeskommunar tilgjengelege for Det nynorske tekstkorpuset. Ho har dessutan tilrettelagt statlege dokument frå fem år (2005–2010), og nemnda ønskjer at me får tilrettelagt tekstar frå åra 2000–2005 dersom det er økonomi til det. Ein del av avismaterialet frå Universitetet i Bergen er alt lagt inn i basen, og resten av materialet me har henta inn, blir lagt inn i basen i september.

### **Gransking av språk i eksamensoppgåver:**

Språkrådet har enno ikkje fått svar frå Utdanningsdirektoratet på søknaden om å få tilgang til elevsvara i nynorsk hovudmål og sidemål i vidaregåande skule frå Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.

### **Former i lærebøker:**

Tore Elias Hoel hadde sett på formval i ein del lærebøker for vidaregåande skule, og hadde laga eit notat til nemna. Berre e-infinitiv, *vi*. *Då* i fem (kanskje seks) av sju bøker, dobbel m i mange bortsett frå i verbet *koma*.

Karin Magnetun hadde sett på lærebøker for grunnskulen for å sjå kva former som er brukte der, og hadde laga eit notat om det. Mykje hankjønn, mykje e-verb-bøying. Ei bok hadde *skole*, tre hadde *skule*. E-infinitiv og *vi* i alle.

Forlaga ser ikkje ut til å leggja vekt på at læremidla skal ha former som står opp under skriftbilete og talemål i dei nynorske kjerneområda. Då desse læremidla berre blir lesne av elevar med nynorsk hovudmål, er det liten grunn til å bruka former som er utbreidde i andre delar av landet, som til dømes *skole*. Etter at arbeidet til nemnda er ferdig, vil vi vurderer å rå Språkrådet i samarbeid med Utdanningsdirektoratet til å laga ei rettleiing for lærebokforfattarar og omsetjarar om korleis ein kan støtta opp om målet til elevane i områda der det er nynorsk hovudmål. Dersom til dømes *skole* og *skule* blir jamstelte former, bør *skule* brukast i nynorske lærebøker så lenge den forma står så sterkt i talemålet der nynorsk er skulemål.

### Presseklipp

Meltwater ser ikkje ut til å fanga opp viktige artiklar, t.d. Waltons artikkel i Klassekampen. Bør me vurderer avisutvalet, ev. stikkordutvalet?

### Reising for nemnda

Grete har fått spørsmål om å koma på fylkesårsmøte i Troms og Finnmark Mållag. Me har sagt at mållag som vil ha besøk, må kosta reisa for den dei vil ha på besøk. Det kunne likevel vera aktuelt å gjera eit unntak her – sidan me ikkje besøkjer Nord-Noreg i andre samanhengar.

Den europeiske språkdagen blir markert i Bærum Mållag 26. september, og har bedd om besøk frå nemnda. Ingen av nemndmedlemene i Oslo-området har høve til å delta.

---

## 3 NYNORSK 2011 – NOKO ME BØR FØLGJA OPP?

---

Det er mange menn som skriv både på bloggen og e-posten. Dei fleste skriv ut frå sin eigen personlege synsstad, mens pedagogiske argument manglar. Lars S. Vikør har sendt eit grundig innlegg som me har lagt ut på nettsida, og som me må ta med oss i neste runde.

Erik Bolstad meiner nemnda må vera meir aktiv sjølv på bloggen, for å få meir innspel.

---

## 4 MØTE MED FAGRÅD 3

---

Synspunkt frå nemnda på kva Grete, Unn og Aud skal ta opp i fagråd 3 måndag:

- Kva gjer me med dei høgfrequente formene, skal me behalda valfridommen, eller stramma inn også der?
- Er mandatet til hinder for at me kan føreslå nye former, t.d. *fore-* i tillegg til *føre-*, *tirsdag* i tillegg til *tysdag*?

## 5 NORMERING – LYDVERKET

### FLEIRE SPØRSMÅL OM VOKALISME

**Drøfting av ord som har kome til etter sist møte, og som har valfrie former**

#### Vekslande vokal i stammen

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<b>a – e</b>			
<i>ansa</i> el. <i>ensa</i> v.		<i>ansa</i> el. <i>ensa</i> v.	Ulike oppslag
<i>arva</i> el. <i>erva</i> v.		<i>arva</i> el. <i>erva</i> v.	Ulike oppslag
<i>hedmarking</i> el. <i>hedmerking</i> m.	<i>hedmerking</i>	<i>hedmarking</i> m.	Andre ord på <i>-marking</i> påverkar dette.
<i>lamma</i> el. <i>lemma</i> v.		<i>lamma</i> el. <i>lemma</i> v.	
<i>spanande</i> el. <i>spennande</i> adj.		<i>spanande</i> el. <i>spennande</i> adj.	
<i>svarm</i> el. <i>sverm</i> m.	<i>svarm</i>	<i>sverm</i> m.	
<b>a – o</b>			
<i>lange</i> el. <i>longe</i> f. (fisk)	<i>longe</i>	<i>lange</i> f.	
<i>tall</i> el. <i>toll</i> f. (furu)	<i>tall</i>	<i>toll</i> f.	
<i>vake</i> el. <i>vøke</i> f.	<i>vøke</i>	<i>vake</i> f.	
<b>a – å</b>			
<i>aleine</i> el. <i>åleine</i> adv.		<i>aleine</i> el. <i>åleine</i> adv.	
<i>forklara</i> el. <i>forklåra</i> v.		<i>forklara</i> el. <i>forklåra</i> v.	
<i>klar</i> el. <i>klår</i> adj.		<i>klar</i> el. <i>klår</i> adj.	
<i>kvae</i> el. <i>kvåe</i> f.	<i>kvåe</i>	<i>kvae</i> f.	
<i>lagasild</i> el. <i>lågåsild</i> f.		<i>lagasild</i> el. <i>lågåsild</i> f.	Står slik inntil vidare.
<i>man</i> [mån] f.	[mån]	<i>man</i> f.	
<i>skap</i> el. <i>skåp</i> n.		<i>skap</i> el. <i>skåp</i> n.	
<i>trava</i> el. <i>tråva</i> v.		<i>trava</i> el. <i>tråva</i> v.	
<b>e – i</b>			
<i>ekorn</i> el. <i>ikorn</i> n.	<i>ikorn</i>	<i>ekorn</i> n.	
<i>leppe</i> el. <i>lippe</i> f.	<i>lippe</i>	<i>leppe</i> f.	
<i>smekk</i> el. <i>smikk</i> m. (dask; bukse-)	<i>smikk</i>	<i>smekk</i> m. (dask; bukse-)	
<i>smekk</i> el. <i>smikk</i> adv. (s. full)	<i>smikk</i>	<i>smekk</i> adv. (s. full)	
<i>smekka</i> el. <i>smikka</i> v.	<i>smikka</i>	<i>smekka</i> v.	
<i>smekke</i> el. <i>smikke</i> f.	<i>smikke</i>	<i>smekke</i> f.	

<b>e – æ</b>			
<i>brekta</i> [brækta] v.	[brækta]	<i>brekta</i> v.	
<i>esj</i> el. <i>æsj</i> interj.	<i>esj</i>	<i>æsj</i> interj.	
<i>krela</i> el. <i>kræla</i> v.	<i>kræla</i>	<i>krela</i> v.	
<i>esing</i> [æsing] f. el. m.	[æsing]	<i>esing</i> f. el. m.	
<b>i – y</b>			
<i>drikk</i> el. <i>drykk</i> m.		<i>drikk</i> el. <i>drykk</i> m.	
<b>o – u</b>			
<i>bol</i> el. <i>bul</i> m. (kropp på klesplagg)	<i>bul</i>	<i>bol</i> m. (kropp på klesplagg)	
<i>bolung</i> el. <i>bulung</i> m. (bol)	<i>bulung</i>	<i>bolung</i> m. (bol)	
<i>gjorda</i> el. <i>gjurda</i> v.	<i>gjurda</i>	<i>gjorda</i> v.	
<i>gote</i> el. <i>gutu</i> f.		<i>gote</i> el. <i>gutu</i> f.	
<i>knopp</i> el. <i>knupp</i> m.		<i>knopp</i> el. <i>knupp</i> m.	To oppslag: <i>knopp</i> = blomeknopp; <i>knupp</i> = framifrå person
<i>koppul</i> el. <i>kuppul</i> m. (liten stein)	<i>kuppul</i>	<i>koppul</i> m.	
<i>sog</i> el. <i>sug</i> n.		<i>sog</i> el. <i>sug</i> n.	Ulike oppslag
<i>stoll</i> el. <i>stull</i> m. (gruvegang)	<i>stull</i>	<i>stoll</i> m.	
<i>stove</i> el. <i>stue</i> f.		<i>stove</i> el. <i>stue</i> f.	Nytt framlegg i tillegg: <i>stugu</i>
<b>o – ø</b>			
<i>blodga</i> el. <i>bløgga</i> v.	<i>blodga</i>	<i>bløgga</i> v.	
<i>dorg</i> el. <i>dørg</i> adv. (d. stille)	<i>dorg</i>	<i>dørg</i> adv.	
<i>gor</i> el. <i>gørr</i> n. (gjørme; innvolar)	<i>gor</i>	<i>gørr</i> n.	
<i>gor</i> el. <i>gørr</i> adj.	<i>gor</i>	<i>gørr</i> adj.	
<i>hovding</i> el. <i>høvding</i> m.		<i>hovding</i> el. <i>høvding</i> m.	
<i>hovudsmann</i> el. <i>høvedsmann</i> m.		<i>hovudsmann</i> el. <i>høvedsmann</i> m.	
<i>kodd</i> el. <i>kødd</i> m. (testikkel; pung)		<i>kodd</i> el. <i>kødd</i> m.	To oppslag: <i>kodd</i> = testikkel, <i>kødd</i> = dritsekk
<i>røde</i> el. <i>røde</i> m. (morgon-)		<i>røde</i> el. <i>røde</i> m. (morgon-)	Litterært ord; begge bør kunna stå
<i>rosta</i> el. <i>røsta</i> v. (gløda malm)		<i>rosta</i> el. <i>røsta</i> v. (gløda malm)	
<i>snør</i> n. el. <i>snørr</i> f. el. n.	<i>snør</i> n.	<i>snørr</i> f. el. n.	
<i>søl</i> el. <i>søl</i> n. (tareslag)		<i>søl</i> el. <i>søl</i> n. (tareslag)	
<i>sorgmodig</i> el. <i>sørgmodig</i> adj.	<i>sorgmodig</i>	<i>sørgmodig</i> adj.	
<i>storkna</i> el. <i>størkna</i> v.		<i>storkna</i> el. <i>størkna</i> v.	
<i>strok</i> el. <i>strøk</i> n.		<i>strok</i> el. <i>strøk</i> n.	Ulike oppslag
<b>u – y</b>			
<i>dukkar</i> el. <i>dykkar</i> m.		<i>dukkar</i> el. <i>dykkar</i> m.	Ulike oppslag
<i>krubbe</i> el. <i>krybbe</i> f.		<i>krubbe</i> el. <i>krybbe</i> f.	

<i>lukke</i> el. <i>lykke</i> f.		<i>lukke</i> el. <i>lykke</i> f.	
<i>skuld</i> el. <i>skyld</i> f.		<i>skuld</i> el. <i>skyld</i> f.	
<i>skulda</i> el. <i>skylda</i> v.		<i>skulda</i> el. <i>skylda</i> v.	
<i>skutel</i> el. <i>skyttel</i> m.	<i>skutel</i>	<i>skyttel</i> m.	
<i>sturt</i> el. <i>styrt</i> m.	<i>sturt</i>	<i>styrt</i> m.	
<i>uruggeleg</i> el. <i>uryggeleg</i> adj. (urikkeleg)	<i>uryggeleg</i>	<i>uruggeleg</i> adj. (urikkeleg)	
<b>u - ø</b>			
<i>brunn</i> el. <i>brønn</i> m.		<i>brunn</i> el. <i>brønn</i> m.	
<b>y - ju</b>			
<i>ljuga</i> el. <i>lyga</i> v.	<i>ljuga</i>	<i>juga</i> el. <i>lyga</i> v.	<i>Juga</i> får svak bøyning (som e-verb).
<i>ljug</i> n.	<i>ljug</i>	<i>jug</i> n.	
<i>sjuke</i> el. <i>sykje</i> f.		<i>sjuke</i> el. <i>sykje</i> f.	
<i>spjut</i> el. <i>spyd</i> n.	<i>spjut</i>	<i>spjot</i> el. <i>spyd</i> n.	Meir belegg for <i>spjot</i> enn for <i>spjut</i> i Dnt.
<b>æ - ø</b>			
<i>fjæra</i> el. <i>fjøra</i> v.		<i>fjæra</i> el. <i>fjøra</i> v.	
<i>fjære</i> el. <i>fjøre</i> f.		<i>fjære</i> el. <i>fjøre</i> f.	
<b>æ - å</b>			
<i>forrædar</i> el. <i>forrådar</i> s.	<i>forrådar</i>	<i>forrædar</i> s.	
<i>pæl</i> el. <i>påle</i> m.		<i>pæl</i> el. <i>påle</i> m.	Ulike oppslag
<b>ø - jo</b>			
<i>fljot</i> el. <i>fløt</i> adj. (rask, snøgg)		<i>fljot</i> el. <i>fløt</i> adj.	
<b>ø - y</b>			Dei to orda nedanfor var oppe 16.3., utan at det vart gjort vedtak då.
<i>sølje</i> [sylgje] f.	<i>sylgje</i>	<i>sølje</i> el. <i>sylje</i> f.	
<i>sølv</i> [sylv] n.		<i>sølv</i> el. <i>sylv</i> n.	

#### Diftong/monoftong:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<b>au - o</b>			
<i>au</i> el. <i>òg</i> el. <i>også</i>		<i>au</i> el. <i>òg</i> el. <i>også</i>	
<i>fortaum</i> el. <i>fortom</i> m. (del av fiskesnøre)		<i>fortaum</i> el. <i>fortom</i> m.	
<b>au - ø</b>			
<i>trauske</i> el. <i>trøske</i> f. (soppinf.)		<i>trauske</i> el. <i>trøske</i> f.	
<b>ei - e</b>			

<i>meiska</i> el. <i>meska</i> v.		<i>meiska</i> el. <i>meska</i> v.	
<b>øy - ø</b>			
<i>døyeleg</i> el. <i>dødeleg</i> adj.		<i>døyeleg</i> el. <i>dødeleg</i> adj.	
<i>røyst</i> el. <i>røst</i> f.	<i>røst</i>	<i>røyst</i> f.	
<i>røysta</i> el. <i>røsta</i> v.	<i>røsta</i>	<i>røysta</i> v.	

### Konsonantisme:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir stående i ny rettskriving:	Merknad:
<b>d/dd</b>			
<i>bed</i> el. <i>bedd</i> m. (jordlag; seng)	<i>bed</i>	<i>bedd</i> m.	
<b>d/t</b>			
<i>moda</i> el. <i>mota</i> adj. (vere m. på)	<i>moda</i>	<i>mota</i> adj. (vere m. på)	Vedteke før.
<b>g/gg</b>			
<i>bag</i> el. <i>bagg</i> m.		<i>bag</i> el. <i>bagg</i> m.	Framandord som skal behandlast likt i bm. og nyn.
<i>gag</i> el. <i>gagg</i> m. (komisk innfall el. påfunn)		<i>gag</i> el. <i>gagg</i> m. (komisk innfall el. påfunn)	Som ovanfor.
<i>gag</i> el. <i>gagg</i> adj. (tilbakebøygd)		<i>gag</i> el. <i>gagg</i> adj. (tilbakebøygd)	
<b>k/kk</b>			
<i>frak</i> el. <i>frakk</i> adj. (dugande; sterk; helsug)		<i>frak</i> el. <i>frakk</i> adj. (dugande; sterk; helsug)	
<i>gnika</i> el. <i>gnikka</i> v.		<i>gnika</i> el. <i>gnikka</i> v.	
<i>kika</i> el. <i>kikka</i> v.		<i>kika</i> el. <i>kikka</i> v.	
<i>kikert</i> el. <i>kikkert</i> m.	<i>kikert</i>	<i>kikkert</i> m.	
<i>kuk</i> el. <i>kukk</i> m.	<i>kukk</i>	<i>kuk</i> m. (kjønnsorgan)	
<i>slak</i> el. <i>slakk</i> adj.		<i>slak</i> el. <i>slakk</i> adj.	Ulike oppslag
<b>m/mm er jamstelte no:</b>			
<i>alderdomleg</i> el. <i>alderdommeleg</i> adj.		<i>alderdomleg</i> el. <i>alderdommeleg</i> adj.	
<i>forsøma</i> el. <i>forsømme</i> v.		<i>forsøma</i> el. <i>forsømme</i> v.	Jf. <i>søma</i> .
<b>Enkel m er klammeform no</b>			
<i>stramma</i> [strama] v.	[strama]	<i>stramma</i> v.	
<b>n/nn</b>			
<i>bøn</i> el. <i>bønn</i> f.		<i>bøn</i> el. <i>bønn</i> f.	
<i>døn</i> el. <i>dønn</i> n.	<i>døn</i>	<i>dønn</i> n.	Jf. <i>drønn</i> , som me har sagt skal vera eineform.
<i>trin</i> el. <i>trinn</i> n.	<i>trin</i>	<i>trinn</i> n.	

<b>p/pp</b>			
<i>rap</i> el. <i>rapp</i> m. (plante)	<i>rap</i>	<i>rapp</i> m.	<i>Rapp</i> brukt i Lids flora.

---

**GJ OG KJ GENERELT, OG ØNSKE/ØNSKJA SPESIELT**

---

**Førebels vedtak:**

Alle verb og svake hokjønnsord som i dag har *gj* eller *kj* som hovudform, og former utan *j* som sideform framfor endingsstavinga, skal ha valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kj* på den eine sida og *g* og *k* på den andre sida. Skrivemåten med eller utan *j* blir dessutan valfri i ord som tidlegare har hatt obligatorisk *j* etter vokal + *g*, *lg* og *rg*, bortsett frå i desse orda:

- *lægja* v. (gjera lågare)
- *lægje* n. (leie)
- *tægje* f. (teie, fletta korg)
- *fylgja* v.
- *fylgje* f.
- *fylgje* n.

Det inneber at desse orda som før hadde obligatorisk *j*, no kan skrivast med eller utan *j*:

- *bølgja* / *bølga* v.
- *bølgje* / *bølge* f.
- *elgja* / *elga* v. (bli kvalm; gjere kvalm)
- *følgja* / *følga* v.
- *følgje* / *følge* f.
- *følgje* / *følge* n.
- *svelgja* / *svelga* v.
- *sørgja* / *sørga* v.
- *telgja* / *telga* v.

Verbet *ynskja*/*ønskja* får òg valfri skrivemåte med eller utan *j*:

- *ynskja* / *ynska* el. *ønskja* / *ønska* v.

---

FORE- EL. FØRE-

---

Førebels vedtak:

Fordelinga av *for-*, *fore-* og *føre-* blir som *før*. Former som i dag er klammeformer, blir no jamstelte former.

<b>Gjeldande rettskriving</b>	<b>Ny rettskriving.</b>
<b>Ord med <i>fore-/føre-</i></b>	<b>Ord med <i>fore-/føre-</i></b>
<i>foredrag</i> el. <i>føredrag</i> n.	<i>foredrag</i> el. <i>føredrag</i> n.
<i>forelesa</i> el. <i>førelesa</i> v.	<i>forelesa</i> el. <i>førelesa</i> v.
<i>forelesing</i> el. <i>førelesing</i> f.	<i>forelesing</i> el. <i>førelesing</i> f.
<i>foreslå</i> el. <i>føreslå</i> v.	<i>foreslå</i> el. <i>føreslå</i> v.
<b>Ord med <i>for-/føre-</i>:</b>	<b>Ord med <i>for-/føre-</i>:</b>
<i>forarbeid</i> el. <i>førearbeid</i> n.	<i>forarbeid</i> el. <i>førearbeid</i> n.
[ <i>forbilde</i> ] <i>førebilete</i> n.	<i>forbilde</i> el. <i>førebilete</i> n.
<i>forbokstav</i> el. <i>førebokstav</i> m.	<i>forbokstav</i> el. <i>førebokstav</i> m.
<i>forgard</i> el. <i>føregard</i> m.	<i>forgard</i> el. <i>føregard</i> m.
<i>forheng</i> el. <i>føreheng</i> n.	<i>forheng</i> el. <i>føreheng</i> n.
<i>forlaupar</i> el. <i>førelaupar</i> m. el. <i>-løpar</i>	<i>forløpar</i> el. <i>føreløpar</i> m.
<i>forled</i> el. <i>føreled</i> m.	<i>forled</i> el. <i>føreled</i> m.
<i>forledd</i> el. <i>føreledd</i> n.	<i>forledd</i> el. <i>føreledd</i> n.
<i>formiddag</i> el. <i>føremiddag</i> m.	<i>formiddag</i> el. <i>føremiddag</i> m.
<i>formål</i> el. <i>føremål</i> n.	<i>formål</i> el. <i>føremål</i> n.
<i>fornamn</i> el. <i>førenamn</i> n.	<i>fornamn</i> el. <i>førenamn</i> n.
<i>forord</i> el. <i>føreord</i> n.	<i>forord</i> el. <i>føreord</i> n.
<i>forprosjekt</i> el. <i>føreprosjekt</i> n.	<i>forprosjekt</i> el. <i>føreprosjekt</i> n.
<i>forprøve</i> el. <i>føreprøve</i> f. el. m.	<i>forprøve</i> el. <i>føreprøve</i> f. el. m.
<i>forrang</i> el. <i>førerang</i> m.	<i>forrang</i> el. <i>førerang</i> m.
<i>forrett</i> el. <i>førerett</i> m. (særrett)	<i>forrett</i> el. <i>førerett</i> m. (særrett)
<i>forrett</i> el. <i>førerett</i> m. (matrett)	<i>forrett</i> el. <i>førerett</i> m. (matrett)
<i>forrom</i> el. <i>førerom</i> n.	<i>forrom</i> el. <i>førerom</i> n.
<i>forslag</i> el. <i>føreslag</i> n. (i musikk)	<i>forslag</i> el. <i>føreslag</i> n. (i musikk)
<i>forsmak</i> el. <i>føresmak</i> m.	<i>forsmak</i> el. <i>føresmak</i> m.
<i>forsommar</i> el. <i>forsumar</i> el. <i>føresommar</i> el. <i>føresumar</i> m.	<i>forsommar</i> el. <i>forsumar</i> el. <i>føresommar</i> el. <i>føresumar</i> m.
<i>forsongar</i> el. <i>føresongar</i> m.	<i>forsongar</i> el. <i>føresongar</i> m.
<i>forspel</i> el. <i>førespel</i> n.	<i>forspel</i> el. <i>førespel</i> n.
<i>forspent</i> el. <i>førespent</i> adj. (vere godt f. med)	<i>forspent</i> el. <i>førespent</i> adj. (vere godt f. med)
<i>forstaving</i> el. <i>førestaving</i> f.	<i>forstaving</i> el. <i>førestaving</i> f.
<i>fortropp</i> el. <i>føretropp</i> m.	<i>fortropp</i> el. <i>føretropp</i> m.
<i>forvarsel</i> el. <i>førevarsel</i> n.	<i>forvarsel</i> el. <i>førevarsel</i> n.
<i>forvask</i> el. <i>førevask</i> m. el. n.	<i>forvask</i> el. <i>førevask</i> m. el. n.
<i>forvern</i> el. <i>førevern</i> n.	<i>forvern</i> el. <i>førevern</i> n.



---

-STELLA EL. -STILLA

---

Førebels vedtak:

Desse to formene blir jamstelte:

*førestella el. førestilla v.*

*førestelling/førestilling f.*

Desse orda har to jamstelte former som før:

*framstella el. framstilla*

*framstelling el. framstilling*

*jamstella el. jamstilla*

*jamstelling el. jamstilling*

*omstella el. omstilla*

*omstelling el. omstilling*

*likestella el. likestilla*

*likestelling el. likestilling*

*tilfredsstella el. tilfredsstilla*

*tilfredsstelling el. tilfredsstilling*

*utstelling el. utstilling*

---

VEKEDAGANE

---

Framlegg til førebels vedtak:

Vekedagane skal framleis ha dei same namna som før:

*sundag el. søndag, måndag, tysdag, onsdag, torsdag, fredag, laurdag.*

## 6 NORMERING – FORMVERKET

---

### MEIR OM SUBSTANTIV

---

#### A. KJØNN PÅ DIALEKT OG ANDRE ORD

##### Førebels vedtak:

Nemnda har diskutert kjønn på *dialekt* ofl. og ser at det er gode grunnar for å innføra valfritt hankjønn eller hokjønn på det ordet. Nemnda ønskjer å sjå saka i samanheng med fleire ord som kan ha ulike kjønn.

Nemndmedlemmene sender framlegg til Aud på ord som bør vurderast med tanke på å få valfritt kjønn, ev. få endra kjønn.

#### B. INKJEKJØNNSORD PÅ TRYKKLETT -EL, -EN OG -ER

##### Førebels vedtak:

Inkjekjønnsord som endar på trykklett *-el*, *-en* og *-er*, skal følgja mønstera nedanfor:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>middel – midlet</i> el. <i>middelet – middel – midla</i> [midli]	<i>midlet</i> [midli]	<i>middel – middelet – middel – midla</i>	
<i>teater – teatret</i> el. <i>teateret – teater – teatra</i> [teatri] el. <i>teatera</i> [teateri]	<i>teatret, teatra</i> [teatri] [teateri]	<i>teater – teateret – teater – teatera</i>	
<i>laken – lakenet – laken – lakena</i> [lakeni]	[lakeni]	<i>laken – lakenet – laken – lakena</i>	Bøying som før. Unntak er <i>våpen</i> , som har <i>våpena/våpna</i> i bfl.

*Regel 1:* Inkjekjønnsord på trykklett *-el*, *-en* og *-er* får ikkje samandraging i bestemt form eintal. For ord på *-en* blir det dermed inga endring.

*Regel 2:* Inkjekjønnsord på trykklett *-el* får samandraging i bestemt form fleirtal, som før.

*Regel 3:* Inkjekjønnsord på trykklett *-er* får obligatorisk full form også i bestemt form fleirtal.

*Regel 4:* Orda på *-en* har full form som før, bortsett frå *våpen*, som har samandraging som før.

Altså: Fullform i alle kjønn og tal av disse orda, bortsett frå fleirtal av ord på *-el*.

### C. FRAMANDORD (IMPORTORD) PÅ -UM, -ON, -US OG -A

#### Førebels vedtak:

Alle framandord av gresk og latinsk opphav på *-on*, *-um*, *-us* og *-a* får som hovudregel bøyning i samsvar med hovudmønsteret for norske ord. Hovudmønsteret blir slik:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<b>Inkjekjønn -on og -um:</b>			
<i>leksikon – leksikonet – leksikon – leksikona</i> [leksikoni]; el. <i>leksika – leksika/leksikaa</i> [leksikai]	<i>leksika – leksika/leksikaa</i> [leksikai] [leksikoni]	<i>leksikon – leksikonet – leksikon – leksikona</i>	
<i>depositum – depositumet – depositum – deposituma</i> [depositumi]; el. <i>deposita – deposita/depositaa</i> [depositai]	<i>deposita – deposita/depositaa</i> [depositai] [depositumi]	<i>depositum – depositumet – depositum – deposituma</i>	
<i>spektrum – spektrumet / spektret – spektrum – spektruma</i> [spektrumi] / <i>spektra/spektraa</i> [spektrai]	<i>spektrret – spektra/spektraa</i> [spektrai] [spektrumi]	<i>spektrum – spektrumet – spektrum – spektruma</i>	
<b>Inkjekjønn -um, unntak 1</b>			
<i>jubileum – jubileet – jubileum – jubilea</i> [jubilei]	[jubilei]	<i>jubileum – jubileet – jubileum – jubilea</i>	
<i>atrium – atriet – atrium – atria</i> [atrii]	[atrii]	<i>atrium – atriet – atrium – atria</i>	
<b>Inkjekjønn -on eller -um, unntak 2</b>			
<i>forum – forumet – forum – foruma</i> [forumi]; el. <i>fora – fora/foraa</i> [forai]	<i>fora – fora/foraa</i> [forai] [forumi]	<i>forum – forumet – forum – foruma</i>	<i>fora – foraa</i> [forai] før føreslått som klammeformer.
<i>akrostikon – akrostikonet – akrostikon – akrostikona</i> [akrostikoni]; el. <i>akrostika – akrostika/akrostikaa</i> [akrostikai]	<i>akrostika – akrostika/akrostikaa</i> [akrostikai] [akrostikoni]	<i>akrostikon – akrostikonet – akrostikon – akrostikona</i>	<i>akrostika/akrostikaa</i> [akrostikai] før føreslått som klammeformer.
<i>antibiotikum – antibiotikumet – antibiotikum – antibiotikuma</i>	Bfl. <i>antibiotika</i> [antibiotikai] [antibiotikumi]	<i>antibiotikum – antibiotikumet – antibiotikum – antibiotikuma</i> ; el.	Jf. b.f. eintal av hokjønnord på <i>-a</i> lenger nede: berre <i>-aa</i>

<i>[antibiotikumi]; el. antibiotika – antibiotika/antibiotikaa [antibiotikai]</i>		<i>antibiotika – antibiotikaa</i>	
<i>faktum – faktumet – faktum – faktuma [faktumi]; el. fakta – fakta/faktaa [faktai]</i>	<i>Bfl. fakta [faktai] [faktumi]</i>	<i>faktum – faktumet – faktum – faktuma; el. fakta – faktaa</i>	
<b>Inkjekjønn -us</b>			
<i>genus – genuset – genus – genusa [genusi]; el. genera – genera/generaa [generai]</i>	<i>genera – genera/generaa [generai] [genusi]</i>	<i>genus – genuset – genus – genusa</i>	<i>Genus kan òg vera hankjønnsord.</i>
<i>tempus – tempuset – tempus – tempusa [tempusi]; el. tempora – tempora/temporaa [temporai]</i>	<i>tempora – tempora/temporaa [temporai] [tempusi]</i>	<i>tempus – tempuset – tempus – tempusa</i>	
<b>Inkjekjønn -a</b>			
<i>skjema – skjemaet – skjema – skjema/skjemaa [skjemai]</i>	<i>Bfl. skjema [skjemai]</i>	<i>skjema – skjemaet – skjema – skjemaa</i>	
<b>Hokjønn -a</b>			
<i>donna – donna el. donnaa [donnai]– donnaer – donnaene</i>	<i>B. f. donna [donnai]</i>	<i>donna – donnaa – donnaer – donnaene</i>	<i>Diva bør bøyast som eit hankjønnsord.</i>
<b>Hankjønn -ium og -ius</b>			
<i>geranium – geranien/geraniumen – geraniar – geraniane</i>	<i>geranien – geraniar – geraniane</i>	<i>geranium – geraniumen – geraniumar – geraniumane</i>	
<i>radius – radien/radiusen – radiar – radiane</i>	<i>radien – radiar – radiane</i>	<i>radius – radiusen – radiusar – radiusane</i>	
<i>justitarius – justitarien – justitiarar – justitariansane</i>	<i>justitarien – justitiarar – justitariansane</i>	<i>justitarius – justitariansen – justitariansar – justitariansane</i>	

## 7 YMSE

Neste møte er som avtala tysdag 14. september. Me legg møtet til Norsk Ordbok, Blindern. Møtetid den dagen blir frå kl. 8.30 til kl. 17.00.

*Aud Søyland refererte.*